



## Klagenemnda for tilskudd til kulturarrangementer

### Avgjerd frå Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement 23. januar 2023

**Sak:** 2022/1181

**Klagar:** Hansagarden AS

#### Samansetting av klagenemnda:

Nemndsmedlemmane Kiran Aziz, Anne Margrete Fiskvik og Elin Melberg.

### 1 Bakgrunn for saka

- (1) Hansagarden AS (frå no «klagar») søkte 6. april 2022 om kompensasjon som arrangør for tap i samband med avlysinga av to arrangement med namn «Julekonsert med Lena Skjerdal» og «Romjulsjam med pub og quiz». Arrangementa skulle haldast 18. desember 2021 og 30. desember 2021. Klagar søkte om kompensasjon på kroner 35 700 etter forskrift 8. mars 2022 nr. 345 om midlertidig kompensasjonsordning for avlyste, stengte eller nedskalerte kulturarrangement i perioden 1. november 2021 til 28. februar 2022 som følge av covid-19-utbruddet (frå no «forskrifta»).
- (2) Klagar har i søknaden fylt ut at deira hovudverksemeld er å formidla eller gjera kunst eller kultur tilgjengeleg for allmennheten. Arrangementet «Julekonsert med Lena Skjerdal» er av klagar beskrive som ein tradisjonell julekonsert, medan «Romjulsjam med pub og quiz» er beskrive som ein pubkveld med jamkonsert og quiz.
- (3) Klagar sendte dokumentasjon på at arrangementa vart kansellert som følgje av at dei innførte restriksjonane til Lotteri- og stiftelsestilsynet 12. april 2022. Dokumentasjonen var eit innlegg på klagar si Facebook-side. Innlegget omhandla at arrangementa var avlyst som følgje av dei myndigheitspålagde restriksjonane. Vidare bekrefta klagar at allereie kjøpte billettar ville bli refundert.
- (4) Lotteri- og stiftelsestilsynet fatta vedtak om avslag 25. mai 2022. Lotteri- og stiftelsestilsynet vurderte at klagar si verksemeld ikkje i hovudsak var å formidla eller gjera kunst og kultur tilgjengeleg for allmennheten. Lotteri- og stiftelsestilsynet viste til at klagar var oppført i Einheitsregisteret med næringskode 68.209 «*Utleie av egen eller leid fast eiendom ellers*».
- (5) Klagar klaga på avslaget 30. mai 2022. Klagar har gjort gjeldande at selskapet berre jobbar med kulturarrangement. Ifølgje klagar måtte dei leggje inn eit breitt spekter av bransjar i Einheitsregisteret for å få registrert verksemda. Klagar viste til at inntekta har kome frå enten konserter eller andre typar kulturarrangement. Arrangementa er lokale konserter, lokal matkultur, lokale turar og lokal omvisning i løa, som er eit av dei eldste

**Postadresse**

Postboks 511 Sentrum  
5805 Bergen

**Besøksadresse**

Zander Kaaes gate 7  
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

byggja i Undredal. Vidare viste klagar til at deira lokale kan ta opptil 70 personar i publikumskapasitet. Klagar presiserte at dei aktuelle arrangementa var konsertar med servering.

- (6) Lotteri- og stiftelsestilsynet kontakta klagar 20. juni 2022 og etterspurte ei nærmere utgreiing for klagen. I e-posten etterspurte Lotteri- og stiftelsestilsynet dokumentasjon som visar fordelinga av dei ulike arrangement typane klagar tilbyr. Vidare etterspurte Lotteri- og stiftelsestilsynet at klagar fordele dei ulike kategoriane av arrangement på «*billetterte arrangement, ope for allmenta*» og «*Lukka arrangement, ikkje ope for allmenta*». Endeleg at klagar sendte omsetning til høvesvis billetterte og lukka arrangement i klagars verksemد for periodane 2020 (frå oppstart 1. juli 2020), 2021, 2022 til dags dato, og desember 2022. Svarfrist vart satt til 1. juli 2022.
- (7) Klagar sendte inn dokumentasjon 22. juni 2022. Klagar viste til at hovudaktiviteten til selskapet var «*formidling av lokal kultur som guide turar og lokal matkultur i gammal verna og nyrestaurerte løe i Undredal*». Ifølgje klagar utgjorde delen om lag 70 prosent av verksemda.
- (8) Den resterande delen av verksemda er hovudsakleg å arranger konsertar med lokale musikarar, og dette skjer hovudsakleg om vinteren. Klagar viste til at arrangementa var intime konsertar med publikumskapasitet på 70 personar. Billettprisane på desse arrangementa varierte mellom kroner 200,- og 400,-. Klagar haldt vidare fram at selskapet serverte drikke og små matrettar til gjestane under konsertarrangementa.
- (9) Klagar viste vidare til at omvisningsturane var for lukka lag, medan konsertane var open for allmennheita. Med tanke på dei andre arrangementa selskapet har hatt i 2022, viste klagar til at dei har arrangert slektsarrangement, arrangement for verksemder, o.l. På desse arrangementa har det vore eit fast innslag med omvisningsturar og lokal matservering. Omsetninga har variert frå kroner 10 000 opp til kroner 50 000.
- (10) Lotteri- og stiftelsestilsynet vurderte klagar, men har konkludert med at den ikkje ga grunnlag for å endre eller oppheve vedtaket, jf. lov om behandlingsmåten i forvaltingssaker datert 10. februar 1967 (forvaltningsloven) § 33. Klagar og dokumenta i saka vart sendt til Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement ved Lotteri- og stiftelsestilsynet si innstilling datert 5. september 2022.
- (11) Lotteri- og stiftelsestilsynet har i innstillinga vist til at kompensasjon berre kan tildelast ein arrangør som i hovudsak formidlar eller gjer kunst og kultur tilgjengeleg for allmennheita. Dette inneber at den største delen av arrangørens verksemd må vera å formidla eller gjera kunst og kultur tilgjengeleg for allmennheita.
- (12) I si vurdering har Lotteri- og stiftelsestilsynet vist til at klagar sjølv har skreve at 70 prosent av aktiviteten er knytt til formidling av lokal kultur som omvisningsturar og lokal matkultur, medan 30 prosent av aktiviteten er knytt til konsertarrangement med moglegheit for matservering. Vidare har Lotteri- og stiftelsestilsynet vist til at både informasjon frå Einheitsregisteret og klagars nettside tyder på at hovuddelen av verksemda er knytt til formidling av lokal kultur. Lotteri- og stiftelsestilsynet vurderte difor at klagars hovudverksemđ er knytt til opplevingar og reiseliv med fokus på lokal natur, lokal mat og lokale tradisjonar. Konsertar utgjorde difor ein mindre del av dei samla aktivitetane til selskapet.

- (13) Klager sendte inn merknad til Lotteri- og stiftelsestilsynet si instilling 7. September 2022.
- (14) Klagenemndssekretariatet sendte klagar e-post 11. januar 2023, kvar klagar vart beden om å ettersenda ytterlege opplysningar. Sekretariatet ynskja å få tilsendt ei oversikt øve alle arrangement klagar hadde arrangert frå skipingsdato til søknadstidspunkt. Klagar svara på førespurnaden 13. januar 2023.

## 2 Klagars merknader til innstillinga

- (15) Den 7. september 2022 sendte klagar inn merknadar til Lotteri- og stiftelsestilsynets innstilling. Klagar har halde fram at han har vore i kontakt med sakshandsamaren i Lotteri- og stiftelsestilsynet i anledning klagars søknad om kompensasjon. I samtala kom det fram at tilsynets vurdering om å avslå søknaden var basert på ei misforståing av innsendt informasjon frå Hansagarden AS, og at informasjonen ikkje er riktig.
- (16) Klagar har halde fram at Hansagarden er ei ny etablert verksemd som driv lokal kulturformidling. Mesteparten av klagars aktivitet har vore knytt til lokale konserter, heldt i deira nyrestaurert løa. Klagar viste til at dei har gjennomført ti arrangement totalt. Klagar viste til følgjande fordeling:
- Åtte arrangement har vore lokale konserter.
  - Eit arrangement har vore omvisingstur med mat, i tillegg til musikk og lokal kulturformidling.
  - Eit arrangement var at Hansagarden ga eit nystarta båttag lov til å ha skipingsmøte i løa. Klagar opplyser at de ikkje tok betaling for dette arrangementet.
- (17) Klagar har sendt inn følgjande oversikt over arrangementa:

### ***«Oversikt over arrangement i løa:***

*16.07.2021 Akustisk konsert med Kristen Olav og Magne Grøttebø*

*27.08.2021 Konsert med Olaf Hjellum*

*27.11.2021 Konsert med Robbie Banks*

*18.12.2021 Julekonsert med Lena Skjerdal      Denne konserten måtte avlysast pga av covid restriksjonar og søkt kompensasjon for*

*30.12.2021 Julejam med lokale musikarar      Denne måtte avlysast på pga covid restriksjonar og søkt kompensasjon for.*

*27.05.2022 Konsert med The Goatheads*

*06.06.2022 Konsert med Karl Seglem og Unni Løvlid for internasjonale journalistar i samband med Førdefestivalen. Dette arrangementet hadde også lunch servering for gjestene.*

*09.07.2022 Konsert med ,tore Leiren*

### ***Andre arrangement:***

*16.01.2022 Stiftingsmøte av Undredal Båtlag. Dette arrangementet vart det ikkje tatt betaling for.*

*18.07.2022 Ein smak av Undredal. Arrangement med tur og lokal mat i tillegg til musikk og lokal historie formidling.»*

### **3 Det rettsleige grunnlaget**

(18) Det rettslige grunnlaget er forskrift 8. mars 2022 nr. 345 om midlertidig kompensasjonsordning for avlyste, stengte eller nedskalerte kulturarrangement i perioden 1. november 2021 til 28. februar 2022 som følge av covid-19-utbruddet.

(19) I forskrifta § 1 om føremål står det:

*«Formålet med denne ordningen er å kompensere arrangører og underleverandører i kultursektoren for tap knyttet til avlyste, stengte eller nedskalerte kulturarrangementer som følge av råd eller pålegg gitt av offentlige myndigheter i forbindelse med covid-19-utbruddet.»*

(20) Det følgjer av forskrifta § 4 at kulturarrangement er følgande:

*«Med kulturarrangement som nevnt i denne forskrift, menes arrangement som er*

*a. konserter*

*b. teater- og danseforestillinger*

*c. stand-up*

*d. sirkus*

*e. litteraturarrangement*

*f. filmvisninger og nasjonal distribusjon av film til kino*

*g. kunstutstillinger, museumsutstillinger og formidlingstiltak i museum*

*h. annet arrangement som i hovedsak formidler et kulturelt eller kunstnerisk innhold»*

(21) I forskrifta § 5 første ledd fremgår det at:

*«(1) Arrangører som i hovedsak formidler eller gjør kunst og kultur tilgjengelig til allmennheten, kan tildeles kompensasjon når følgende vilkår er oppfylt:*

*a. Arrangøren har sin hovedvirksomhet i Norge og var registrert i Enhetsregisteret før 1. oktober 2021*

*b. Arrangøren har hatt et omsetningsfall på minst 30 prosent i kompensasjonsperioden, jf. § 7*

(22) Av forvaltningslova § 34 følger det at klageinstansen kan prøve alle sider ved saka og mellom anna ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg det at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, sakshandsaminga, faktum og det frie skjønnet. Klageinstansen

kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det, og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

#### **4 Klagenemnda si vurdering**

- (23) Kлага gjeld Lotteri- og stiftelsestilsynet sitt vedtak om avslag på søknad om kompensasjon som arrangør for tap i samband med avlysing av arrangementa «*Julekonsert med Lena Skjerdal*» og «*Romjulsjam med pub og quiz*» i desember 2021.
- (24) Lotteri- og stiftelsestilsynet grunna avslaget med at klagar ikkje oppfyller forskriftera § 5 første ledd, om at arrangøren «*i hovedsak formidler eller gjør kunst og kultur tilgjengelig til allmennheten*».
- (25) Spørsmålet nemnda må ta stilling til er om klagar «*i hovedsak*» formidlar eller gjer kunst eller kultur tilgjengeleg for allmenta, jf. forskriftera § 5 fyrste ledd.
- (26) Ordlyden «*i hovedsak*» tilseier at den største delen av arrangørens verksemnd må vera å formidla eller gjera kunst og kultur tilgjengeleg for allmenta, mens arrangørar kvar kulturverksemnd er av eit mindre omfang fall utanfor ordninga. Dette er i samsvar med forskriftera sitt føremål, då kompensasjonsordninga skal kompensera for tap av inntekter ved avlysing eller utsetjing av arrangementa i kultursektoren. Nemnda visar og til at ordlyden «*kultursektoren*» trekk i retning av at ordninga særleg siktar til den snevrare delen av kulturlivet, og at ikkje alt som omfattast av det utvida kulturgrepet faller innunder kompensasjonsordninga. Det er særlig arrangørar av aktivitetar nemnt i forskriften § 4 bokstav a-f som er omfatta av ordninga.
- (27) Klagar har i samband med Lotteri- og stiftelsestilsynets behandling av søknaden sjølve vist til at om lag 70 prosent av klagars verksemnd er knytta til formidling av lokal kultur som «*guideide turar og lokal matkultur i gammal verna og nyrestaurerte løe i Undredal*». Klagar har vidare opplyst at omvisningsturane er for lukka lag, og inngår ofte i ulike pakkar i samband med lukka arrangement. Seinare, har klagar sendt inn ei oversikt øve alle arrangement gjennomført frå 16. januar 2022 fram til 9. juli 2022. Åtte av ti arrangement har vore lokale konserter, eit var å arrangera omvisningstur med servering av mat, i tillegg til musikk og lokal kulturformidling. Det siste arrangementet var eit skipingsmøte med eit lokalt båtlag. Klagar har vidare vist til at det serverast både mat og drikke under arrangementa. Klagar har fram til søknadstidspunktet hatt ein spreiing av arrangement, som både faller innanfor og utanfor den snevrare delen av kulturlivet.
- (28) Vidare, har klagar i Einheitregisteret halde fram å ha næringskode 68.209 *Utleie av egen eller leid fast eiendom ellers*. Nemnda visar til at slike formelle forhold i seg sjølve ikkje er avgjerande, men egna til å vise kva føremålet med drifta på registreringstidspunktet var. Verksemda sitt vedtektsfeste føremål er:

*«Bustadutbygging, kjøp og leie av tomteareal, serveringsvirksomhet, utleie av bygninger og areal, turguiding og anna virksomhet i tilknytting til dette. Selskapet skal også kunne delta i andre selskap med lignende virksomhet, og kjøp og salg av aksjer eller på annen måte gjøre seg interessert i andre foretak».*

Klagar si registrering i Einheitregisteret tilseie at klagar formelt ikkje hovudsakleg formidlar eller gjer kunst og kultur tilgjengeleg til allmenta.

(29) Klagar har helde fast at verksemda i hovudsak inneber å arrangera lokale konserter i deira restaurerte løe.

(30) Det er likevel nemndas vurdering at klagar si hovudverksemrd omhandlar lokal kulturformidling gjennom matservering og å arrangera omvisningar. Nemnda fremhev at klagar på si internettnettseite har beskrive tilbodet sitt på følgjande måte:

*«Har du lyst til å reise med Flåmsbana, sykle Rallarvegen eller ta ein fottur i Aurlandsdalen? Nyte utsikta på Stegasteinen, padle på Nerøyfjorden eller utfordra deg sjøl i Noregs lengste zip-line?»*

*Då er du komen til rett plass!»*

(31) Nemnda framheld vidare at selskapet beskrive produktet sitt som «[e]it produkt som inneheld natur, lokal matkultur og historien om bygda». Klagar har oppført følgjande detaljer på nettsida:

*«Vi startar dagen med ein tur i Undredal sin ville, urørte og nydelege natur. Allereie no forstår du kvifor bygda er ein del av UNESCO sin verdensarv. Den fortsette med besøk i den vetele, vakre stavkyrkja bygda er kjent for. Kyrkja er Nord Europas minste og eldste som framleis er i bruk, bygd i 1147. Bygda er og kjent for sin ekte geitost som fleire gonger er kåra som Norges beste ost. Orientering og smaking avosten er også sjølv sagt ein del av programmet. Ei vandring i bygda med lokal historie vert det også tid til. Dagen vert avslutta med ein tre-retters middag med råvare henta frå nærområdet. Måltidet vert servert i løa på garden, bygd ca. 1880. Under måltidet vil du høre ein prolog med enkle musikkinnslag om korleis det var å vekse opp i ei veglaus bygd»*

*I tillegg kan Hansagarden skreddersy aller typer private arrangement, som t.d julebord og jubileum.»*

(32) Sjølv om klagar har vist til at dei held ulike konserter gjennom året, vurderer nemnda det slik at klagar si kulturrelaterte verksemrd utgjer ein mindre del av den totale drifta, og at verksemda difor fell utanfor ordninga. Klagars merknadar til Lotteri- og stiftelsestilsynet og informasjon på klagars heimeside bekreftar dette synet. At klagar har vist til at det har vore arrangert sju konserter som var open for allmenta sida 2021 tilleggjast difor mindre vekt. Det er følgeleg nemndas vurdering at klagar ikkje «i hovedsak» formidlar eller gjør kunst og kultur tilgjengeleg til allmenta, jf. forskriften § 5 første ledd. Klagar er følgeleg ikkje omfatta av ordninga, og nemnda ser ikkje grunn til å vurdera arrangementa «Julekonsert med Lena Skjerdal» og «Romjulsjam med pub og quiz» etter forskrifta.

## 5 Vedtak

(33) Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement treff etter dette følgande vedtak::

### 1. Klaga vert ikkje teken til følgje.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje bli klaga på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Vedtaket er samrøystes.

Stavanger, 23. januar 2023

Kiran Aziz	Anne Margrete Fiskvik	Elin Melberg
Nemndsmedlem	Nemndsmedlem	Nemndsmedlem

*Dokumentet er godkjent elektronisk*